

Driftstiltak som ikkje er valde i rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2022 -2025	
Kapittel : Innsparingstiltak for å oppnå 1,75 % i netto dr.resultat	
Tiltak	070: 1100. Innsparingstiltak for å oppnå netto driftsresultat på 1,75 prosent
Beskrivelse	Jf. kommunestyret sitt premissvedtak i sak 047/2021 skal det planleggjast med eit netto driftsresultat på minimum 1,75 prosent. For å oppnå dette, må det i 2022 planleggjast og gjennomførast kutt-tiltak som reduserer kommunen sine driftskostnader i 2022 med ca. 3,8 mnok. Dersom kommunestyret bestemmer at det skal budsjetterast med netto driftsresultat på 1,75 prosent i 2022, bør rådmannen få i oppdrag å leggja fram sak i det første kommunestyremøtet i 2022 om korleis desse kutta skal fordelast mellom sektorane/einingane. Som eit umiddelbart tiltak etter kommunestyremøtet 02.12.2021 bør det i så fall innførast tilsetjingsstopp i nyoppretta stillingar.

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sted	Ansvar: Rådmann (1100)				
Sum utgifter	-3 768 000	-420 000	-1 930 000	-3 470 000	-9 588 000
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	-3 768 000	-420 000	-1 930 000	-3 470 000	-9 588 000
SUM NETTO TILTAK	-3 768 000	-420 000	-1 930 000	-3 470 000	-9 588 000

Kapittel : Innsparingstiltak for å oppnå netto dr.resultat i 2022 på ca 2 mnok	
Tiltak	080: 1100. Innsparingstiltak for å oppnå netto driftsresultat i 2022 på ca. 2 mnok
Beskrivelse	Jf. kommunestyret sitt premissvedtak i sak 047/2021 skal det planleggjast med eit netto driftsresultat på minimum 1,75 prosent. For å oppnå dette, må det i 2022 planleggjast og gjennomførast kutt-tiltak som reduserer kommunen sine driftskostnader i 2022 med ca. 3,8 mnok. Dette vil vera svært krevjande å få til. Rådmannen ser det som meir realistisk om det i 2022 i staden blir lagt opp til kutt-tiltak som reduserer kommunen sine driftskostnader med ca. 1,5 mnok. Rådmannen bør då få i oppdrag å leggja fram sak i det første kommunestyremøtet i 2022 om korleis eit kutt på 1,5 mnok skal fordelast mellom sektorane/einingane.

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sted	Ansvar: Rådmann (1100)				
Sum utgifter	-1 500 000	0	0	0	-1 500 000
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	-1 500 000	0	0	0	-1 500 000
SUM NETTO TILTAK	-1 500 000	0	0	0	-1 500 000

Kapittel : Andre tiltak	
Tiltak	050: 1100.1209 Vaktordning for kommunal kriseleiing
Beskrivelse	Formannskapet vedtok 11.02.2021 (sak 010/2021) å gje rådmannen fullmakt til å utarbeida ei vaktordning for komunal kriseleiing, etter same modell som for teknisk vakt. Ordninga skulle i

2021 finansierast av koronamidlar. Frå 2022 må ei slik eventuell vaktordning truleg innarbeidast i det ordinære budsjettet. Ordninga kom berre delvis i gang i 2021, og kommunen har framleis ikkje ei formalisert vaktordning for kriseleiinga. Konsekvensen av dette er gjerne at einskildpersonar i kriseleiinga opplever at ein er på vakt heile døgeret, heile året. Dersom det skal etablerast ei heimevaktordning etter same modell som for teknisk vakt, men med ein høgare omrekningsfaktor for timar på vakt (for eksempel 1/8 timebetaling på heimevakt i staden for 1/5), vil årleg kostnad bli frå ca. 350 000 til ca. 620 000 kroner. Kostnaden vil avhenga av om den omrekna tida på heimevakt skal inngå i arbeidstida, eller om den koma i tillegg til arbeidstida og utbetalast. Den billegaste ordninga vil vera at heile den omrekna tida på vakt inngår i arbeidstida, men dei som går i vaktordninga vil då opparbeida seg ca. 16 timar fri/avspasering pr. vaktveke. Dette vil i så fall gå ut over andre arbeidsoppgåver for desse personane, og ei slik ordning vil truleg ikkje vera føremålstenleg. For teknisk vakt inngår delar av den omrekna tida på vakt i arbeidstida.

Vaktordning for kommunal kriseleiing er ikkje valt som tiltak i rådmannen sitt framlegg. Det bør gjerast ei ny vurdering vedrørande dette i budsjettprosessen for 2023.

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sted	Ansvar: Rådmann (1100)				
Sum utgifter	619 563	619 563	619 563	619 563	2 478 252
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	619 563	619 563	619 563	619 563	2 478 252
SUM NETTO TILTAK	619 563	619 563	619 563	619 563	2 478 252

Tiltak	073: 1100.1209 Opplæring beredskap/kriseleiing
Beskrivelse	Det er behov for opplæring for medlemmer i kommunen si kriseleiing/beredskapsorganisasjon. Dette går mellom anna fram av tilsynsrapport frå Statsforvaltaren, der kommunen har fått i oppåve å utarbeida ein plan for dette arbeidet. For å kunne gjennomføra nødvendig opplæring/kursing, må det budsjetterast med meir opplæringsmidlar enn i 2021 (det er budsjettert med 10 000 kroner i 2021).

SUM NETTO TILTAK	0	0	0	0	0
-------------------------	----------	----------	----------	----------	----------

Tiltak	079: 1210.1205 Framsikt Årsbudsjettmodul og Økonomiplanmodul
Beskrivelse	Framsikt AS er eit programvareselskap som tilbyr nettbaserte verktøy for kommunal verksemdsstyring, budsjettering og økonomiplanlegging. Samnanger har i 2020 teke i bruk to modular frå Framsikt (Analyse og Rapportering) og i 2021 modulen Kommunale planar. Kommunen har også opsjon på å kjøpa og ta i bruk fleire Framsikt-modular, mellom anna Økonomiplan og Årsbudsjett. For å få best mogleg nytte/effekt, vil det truleg vera ein fordel å ta i bruk fleire Framsikt-modular enn dei me brukar i dag. Samnanger brukar i dag eit anna nettbasert verktøy for økonomiplan og budsjett (Arena).

Dersom kommunen skal gå over til Framsikt som verktøy for økonomiplan og budsjett, vil det vera nødvendig å kjøpa inn både Framsikt Økonomiplan og Framsikt Årsbudsjett. Dette vil krevja ca. 100 000 kroner i eingongskostnad (konsulenttenester). I tillegg vil den faste årlege kostnaden auka med om lag 50 000 kroner i forhold til det me i dag betalar for Arena.

Det vil vera ein god del meir funksjonalitet i Framsikt-modulane enn i den noverande Arena-løysinga vår. Dette går mellom anna på moglegheit for enkel internettpublisering og layout av årsbudsjett og økonomiplan.

Alternativt vil det vera mogleg for kommunen å utvida den noverande Arena-løysinga til løysinga Arena+. Denne løysinga vil innehalda ein del av den same tilleggskostnaden som Framsikt Økonomiplan og Årsbudsjett har. Eingongskostnad for Arena+ vil vera om lag 20 000 kroner og årleg tilleggskostnad om lag 40 000 kroner.

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sted	Ansvar: Felles IKT (1210)				
Sum utgifter	150 000	50 000	50 000	50 000	300 000
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	150 000	50 000	50 000	50 000	300 000
SUM NETTO TILTAK	150 000	50 000	50 000	50 000	300 000

Kapittel : Sektor for oppvekst	
Tiltak	013: 2210 pri 1 Opprustning sløydsal på barneskulen
Beskrivelse	Sløydbenkar må festast i golvet - nytt golv fordi det er så glatt. Skulen treng nye maskiner - mange gamle som ikkje virkar. Treng avsug og rulle-gardiner. Hyller for betre orden i rommet. Må bli funksjonelt og praktisk. Det er det ikkje idag.

SUM NETTO TILTAK	0	0	0	0	0
-------------------------	----------	----------	----------	----------	----------

Tiltak	014: 2210 pri 2 Oppgradering uteområdet til barneskulen
Beskrivelse	Skulen treng nytt dekke på plassen utanfor småskulen, høgare gjerder rundt skulen på grunn av tryggleik, fleire leikeapparater for å få eit kjekt og variert uteområdet. Lys og betre oppmerking på framsida av skulen (mot Dråpeslottet bhg)

SUM NETTO TILTAK	0	0	0	0	0
-------------------------	----------	----------	----------	----------	----------

Tiltak	019: 2210 pri 3 Nytt piano til barneskulen
Beskrivelse	Gammalt piano, vanskeleg å stemme

SUM NETTO TILTAK	0	0	0	0	0
-------------------------	----------	----------	----------	----------	----------

Tiltak	020: 2210 pri 5 Sceneteippe til barneskulen.
Beskrivelse	Gammelt og slitt teppe i gymsalen som bør skiftast.

SUM NETTO TILTAK	0	0	0	0	0
-------------------------	----------	----------	----------	----------	----------

Tiltak	026: 2230 Veggdekorasjon ved hovudbygg på ungdomsskulen. Tiltak nr. 1
Beskrivelse	<p>Me ser eit stort behov for å oppgradere området utanfor hovudbygget med kunst. Murane er mørke, triste og med ein del sprekkar, og tanken vår er å dekorere murveggane. Det er trong for ein del grunnarbeid før elevane kan dekorere veggane. Eg har tatt dette opp med leiar for Teknisk drift, John-Einar Mjelstad. Dersom det ikkje vert budsjettert med midlar frå teknisk til dette, kan me prøva å få til eit samarbeid der lærar for arbeidslivsfag og elevar kan gjera mykje av dette forarbeidet med rettleiing frå teknisk.</p> <p>Me ønskjer eit samarbeid med ein grafitti-ekspert som kan vera rettleiar i prosessen. Mykje av arbeidet vil vera ein del av Kunst og handverksfaget, men me treng løn til innleigd person + ein del til maling og utstyr.</p> <p>Me startar med arbeidet i den delen som ligg nærast hovudbygg første året, og deretter ønskjer me å utvida dekorasjonen vidare i retning mot ballbinge og sykkelskur.</p> <p>Tema for veggmaleriet er ikkje bestemt enno, men me vil involvere elevråd og kunst og handverkslærarane i dette forarbeidet.</p> <p>Dekorasjon av murane rundt skulen vil løfte opp heilheitsinntrykket av skulen og gjera det meir fargerikt og triveleg.</p> <p>Me søkjer om kr 100.000 til oppstart av dette arbeidet i 2022 og vidare oppgradering med same beløp i 2023.</p>

SUM NETTO TILTAK	0	0	0	0	0
-------------------------	----------	----------	----------	----------	----------

Kapittel : Eining for livsmeistring

Tiltak	017: 7100 Stillingsauke på NAV (frå 80 % til 100 %)
Beskrivelse	Tilsett har hatt 80% fast stilling, men har arbeida i 100% ei tid. Det er stort driftsbehov for auka stillingsstorleik i 20%. NAV avdelinga vil også få nye oppgåver kring den nye barnevernreformen. Sett ut i frå ei heilhetleg drift er det svært ynskjeleg med ei auke på 20% fast stilling.

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sted	Ansvar: Sosialkontor (7200)				
Sum utgifter	142 625	142 625	142 625	142 625	570 500
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	142 625	142 625	142 625	142 625	570 500
SUM NETTO TILTAK	142 625	142 625	142 625	142 625	570 500

Tiltak	077: 7300 Nytt fagsystem for PPT
---------------	---

Beskrivelse	<p>PPT-Samnanger brukar i dag fagsystemet HK Data. Dei andre IKTNH-kommunane brukar systemet Visma PPT Flyt, som er eit nyare og meir moderne system enn HK Data. Visma PPT Flyt vil også kunne forenkla arbeidet med journalføring og arkivering vesentleg i forhold til i dag. I den vedtekne økonomiplanen for 2021-2024 ligg Visma Flyt PPT inne som tiltak i 2021. Det er no ikkje realistisk å få gjennomført skifte av fagsystem før i 2023. Det er lagt inn same summer i dette tiltaket som tiltaket som vart vedteke av kommunestyret ved handsaminga av økonomiplanen for 2021-2024.</p> <p>Visma Flyt PPT er det systemet som er mest brukt i andre kommunar (mellom anna nabokommunane til Samnanger), mellom anna på grunn av moglegheit for kopling mot KS Fiks (SvarUt) og enklare moglegheit for kopling mot Noark 5-arkiv enn HK Data.</p> <p>I dette tiltaket er følgjande inkludert/teke med i kostnadane: Visma Flyt PPT, kopling til Noark 5-arkiv, kopling til KS Fiks (SvarUt). Det er lagt inn buffer på 20 % uføresette kostnader, jf. erfaring frå denne typen prosjekt. Det dukkar så godt som alltid opp uføresette kostnader.</p> <p>Følgjande opsjon er ikkje teke med: Kopling digital kartlegging.</p> <p>Det er i budsjetteringa lagt opp til at kommunen vil måtte betale også for HK Data i heile 2023.</p>
-------------	---

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sted	Ansvar: PPT-kontor (7300)				
Sum utgifter	0	148 000	0	0	148 000
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	0	148 000	0	0	148 000
SUM NETTO TILTAK	0	148 000	0	0	148 000

Kapittel : Sektor for helse og omsorg	
Tiltak	038: 3120.2540 Tryggleikssjukepleiarstilling
Beskrivelse	<p>Me trenger nokon som kan jobbe med reforma Leva heile livet og forankra den i koomunen. Leva heile livet er ein kvalitetsreform for eldre som legger opp til lokale prosesser for planlegging og gjennomføring. Kommunen kan ved hjelp av medvirkning og analyse skaffa innsikt i eigne behov, synleggjera plan og prosess for gjennomføring og korleis reforma er tenkt integrert i kommuneplanens samfunnsdel (etter § 11-2 i plan og bygningsloven).</p> <p>Ein plan innebærer at kommunestyre har tatt stilling til innsatsområder og løsinga i Leve hele livet og vedtatt korleis Leve hele livet gjennomføres lokalt.</p> <p>Kommunene gis ved ein slik prosess mulighet til å søkje på tilskuddsmidler til egne satsningsområder innenfor reformens områder.</p> <p>Områder det i første omgang kan fokuserast på:</p> <p>Et aldersvennlig samfunn</p> <p>Økt fokus på aktivitet og fellesskap</p> <p>Mat og måltider</p>

	<p>Helsehjelp basert på medvirkning og behov</p> <p>Bidra til gode sammenhenger i tjenestene og overganger</p> <p>Boliger slik at eldre kan bu heime lengst mogleg</p> <p>Suksessfaktorer i planarbeidet kan være:</p> <ul style="list-style-type: none"> God støtte og dialog med regionalt støtteapparat Politisk og administrativ forankring Tilrettelegge for aktive involverings- og medvirkningsprosesser mot overordnet planverk Engasjerte innbyggere og aktiv deltagelse fra politikere Interne samarbeid i kommunen på tvers av enheter og sektorer Utfordre og engasjere ledere og ansatte i kvalitetsforbedringsarbeid Fokus på levekår og livskvalitet for alle Holda fast ved store og strategiske linjer Iverksette tiltak sjølv om ikke planarbeidet er ferdigstilt med politisk vedtak <p>J.D</p>
--	---

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sted	Ansvar: Heimetenester (3120)				
Sum utgifter	570 500	570 500	0	0	1 141 000
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	570 500	570 500	0	0	1 141 000
SUM NETTO TILTAK	570 500	570 500	0	0	1 141 000

Tiltak	008: 3300, Stillingsauke helsesjukepleiar (frå 60% til 80 %)
Beskrivelse	Leiarde helsesjukepleiar har sagt opp. Denne stillinga var saman med Einigsleiar, og Helsesjukepleiar stillinga var 60%. Denne stillinga bør aukast til 80%. Både med tanke på at det er ein Laiande del, men og for auka behov. Både med tanke på psykisk helse, men og med tanke på td Barnevernreforma. Kommunane skal ha auka ansvar, og Helsesjukepleiar vert viktigare inn mot det førebyggjande arbeidet, sær med tanke på tidleg inn.

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sted	Ansvar: Helsestasjon (3300)				
Sum utgifter	125 510	125 510	125 510	125 510	502 040
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	125 510	125 510	125 510	125 510	502 040
SUM NETTO TILTAK	125 510	125 510	125 510	125 510	502 040

Tiltak	049: 3302.2335 Beredskapsvaktordning kommuneoverlege
Beskrivelse	I perioden med koronapandemi i 2020 og 2021 har kommuneloverlegen måtte vera i beredskap/tilgjengeleg utanom normal arbeidstid nesten samanhengande i over eitt år. Det bør sjåast på om det er nødvendig å etablere ei beredskapsvaktordning som kan redusere belastninga på kommuneoverlegen, enten som ei ordning berre for Samnanger, eller som ei

interkommunal ordning. Dette bør sjåast på og avklarast i løpet av 2022. Det er ikkje lagt inn budsjettmidlar i dette tiltaket, men det vil vera nødvendig med midlar for eksempel frå 2023 dersom det skal etablerast ei beredskapsvaktordning.

SUM NETTO TILTAK	0	0	0	0	0
-------------------------	----------	----------	----------	----------	----------

Kapittel : Sektor for samfunnsutvikling

Tiltak	043: 4103.3356 - Videreføre Fossen bratte prosjektet -regulering
Beskrivelse	Fase 2 i prosjektet - legg fram strategi og kostnad med å gjennomføre Foss Bratte som destinasjon. Første steg er å utarbeide ein reguleringsplan, noko vi ser for oss å starte opp i 2022. Kostnadsrekna 200.000 ???

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sted	Ansvar: Miljø (4103)				
Sum utgifter	0	0	200 000	0	200 000
Sum inntekter	0	0	-200 000	0	-200 000
Sum netto	0	0	0	0	0
SUM NETTO TILTAK	0	0	0	0	0

Kapittel : Eining for innbyggjarservice

Tiltak	032: 6100 Inventar møterom kommunehuset
Beskrivelse	Det er behov for oppdatering av møteromma på kommunehuset. 20 nye møtebord (a kr. 4000,- = 80000,-) og 30 nye stolar (a kr. 1000,- = 30000,-). Dette mykje grunna at politiske møter skal flyttast tilbake til kommunehuset når heisen er montert. MS 29.09.2021

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sted	Ansvar: Servicesenteret (6100)				
Sum utgifter	110 000	0	0	0	110 000
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	110 000	0	0	0	110 000
SUM NETTO TILTAK	110 000	0	0	0	110 000

Tiltak	041: 6100 Skilting av kontordører på kommunehuset
Beskrivelse	Kontora treng merking med skikkelige skilt på kommunehuset. Kvart skilt vil kosta ca. 150,-. Det er 50-70 kontor/ dører på kommunehuset.

	2022	2023	2024	2025	Totalt
Sted	Ansvar: Servicesenteret (6100)				

Ikkje-valde tiltak i rådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2022 – 2025

Sum utgifter	10 500	0	0	0	10 500
Sum inntekter	0	0	0	0	0
Sum netto	10 500	0	0	0	10 500
SUM NETTO TILTAK	10 500	0	0	0	10 500

Tiltak	030: 6302 HMS-tiltak og drift musikkbinge
Beskrivelse	Musikkbingen manglar rømningsveg, og det flate taket samlar vatn som gjer at metallet rustar. Det er behov for å sette i gong tiltak, men me må drøfta moglege løysingar. Musikkbingen vert brukt som øvingslokale for kulturskulen. Dersom det vert for store kostnader med å utbetra musikkbingen bør ein undersøka høve til å laga eit øvingsrom i barneskulen, eller i samband med ein eventuelt ny fleirbrukshall.

SUM NETTO TILTAK	0	0	0	0	0
-------------------------	----------	----------	----------	----------	----------